

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	25.07.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/30182-6
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Uttale - dispensasjon - frådeling Lindås prestebustad - gnr. 108 bnr. 1 - Lindås - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 12.07.2023.

### Saka gjeld

Det er søkt om oppretting av ein ny grunneigedom/frådeling av areal rundt prestebustaden på Lindås.

Arealet er uregulert og ligg i område sett av til bustadføremål i kommuneplan for Lindås (KDP). I punkt 2.2. i KDP er det krav om at areal sett av til bygg- og anleggsføremål skal inngå i reguleringsplan før det mellom anna vert gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom.

Ein liten del av arealet inngår i reguleringsplan for Riksveg 586 gjennom Lindås tettstad. Arealet ligg også innanfor fleire omsynssoner.

### Uttale

Vi gav tilbakemelding i eit brev datert 27.04.23 at ved frådeling må det søkast om endra bruk av avkøyrslø. Eigedomen med prestebustaden har to tilkomstar i dag, via ei avkøyrslø til kommunal veg og ei til fylkesveg 5496. Vestland fylkeskommune har ikkje motteke søknad for avkøyrslø til fylkesveg. I oversendinga frå kommunen står det at det er søkt om endring av bruk av eksisterande avkøyrslø til kommunal veg.



Utsnitt frå fylkesatlas og utsnitt frå «Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad»

Avkøyrslø som eigedomen har til fylkesveg ligg akkurat innanfor reguleringsplanen «Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad», men er ikkje regulert i den. Den avkøyrslø går også ut i eit nyleg oppgradert kryssingspunkt for mjuke trafikantar.

Vi er einige med kommunen si vurdering om at avkøyrsla til fylkesveg 5496 ikkje bør vera i bruk med tanke på trafikktryggleik på staden. Og vi ber difor om at Alver kommune set vilkår om at avkøyrsla til fylkesvegen skal stengast for bruk. Vi ønsker å få tilsendt ein kopi når kommunen har behandla søknaden om utvida bruk av avkøyrslé.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har ikkje andre merknadar til frådelinga. Vi minner om at andre avdelingar kan komme med eigne uttalar til søknaden. Og vi ber om å få tilsendt saka til klagevurdering når ho er ferdig behandla.

Med helsing

**Christian Stokke Rye**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*